



C 838

Noregs offisielle statistikk

Official Statistics of Norway

Kommune  
**0512 Lesja**

## Folke- og bustadteljing 2001

# Lesja

## Noregs offisielle statistikk

I denne serien blir hovudsakleg primærstatistikk, statistikk frå statistiske rekneskapssystem og resultat frå spesielle teljingar og undersøkingar publiserte. Serien har først og fremst referanse- og dokumentasjonsformål. Presentasjonen skjer vesentleg i form av tabellar, figurar og nødvendig informasjon om datamaterialet, innsamlings- og bearbeidingsmetodar, samt omgrep og definisjonar. I tillegg blir det gitt ei kort oversikt over hovudresultata.

Serien omfattar også publikasjonane Statistisk årbok, Historisk statistikk og Veiviser i norsk statistikk.

© Statistisk sentralbyrå, juni 2003

Dersom materiale frå denne publikasjonen blir nytta, ver vennleg å gi opp Statistisk sentralbyrå som kjelde.

ISBN 82-537-5457-4 Trykt versjon

ISBN 82-537-5458-2 Elektronisk versjon

### Emnegrupper

02.01 Befolkningsstruktur

04.01 Utdanningsnivå

04.02 Utdanningsinstitusjonar

05.03 Bustad, buforhold

06.01 Yrkesdeltaking

Framsidedfoto: Kollasj av innsende bilete frå fleire kommunar

Trykk: Statistisk sentralbyrå / 35

### Standardteikn i tabellar

### Symbol

Tal er umogleg .....	.
Oppgåve manglar .....	..
Oppgåve manglar førebels .....	...
Tal kan ikkje offentleggjerast .....	:
Null .....	-
Mindre enn 0,5 av den brukte eininga .....	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga .....	0,0
Førebels tal .....	*
Brot i den loddrette serien .....	—
Brot i den vassrette serien .....	
Desimalskiljeteikn .....	,

## Forord

Statistisk sentralbyrå gjennomførte 3. november 2001 ei landsomfattande folke- og bustadteljing i Noreg (FoB2001). Hovudformålet med denne undersøkinga er å gi eit bilete av befolkninga og levekåra i det norske samfunnet.

Eit viktig formål med ei teljing er å gi statistikk for mindre geografiske område som kommunar og delar av kommunar. For å dekkje dette formålet gir Statistisk sentralbyrå ut eit statistisk hefte for kvar kommune. For dei fire største kommunane, Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger, blir det i tillegg gitt ut eit hefte for kvar bydel.

Når kommunehefta for alle kommunane er publiserte, vil det bli laga eit fylkes-samandrag med tabellar som svarer til dei som finst i kommunehefta. Det vil også bli laga eit samandrag for heile landet.

Resultata for FoB2001 vil i tillegg vere tilgjengelege elektronisk på Statistisk sentralbyrås heimeside på Internett (<http://www.ssb.no/fob>). All statistikk blir lagt ut i Statistikkbanken, som er ein database der brukaren kan komponere og ta ut sine egne tabellar. Desse tabellane kan lagrast på eigen pc i ei rekkje format for vidare tilarbeiding. Kommunehefta vil også vere tilgjengelege som pdf-filer på Internett.

Statistisk sentralbyrå,  
Oslo/Kongsvinger, 25. februar 2003

Svein Longva

---

Paul Inge Severeide



# Innhald

<b>Register</b> .....	<b>6</b>
<b>1. Formål</b> .....	<b>7</b>
<b>2. Opplegg og gjennomføring</b> .....	<b>7</b>
2.1. Omfanget av statistikken .....	7
2.2. Datakjelder og datainnsamling .....	7
2.3. Kontroll og revisjon .....	8
<b>3. Omgrep, kjennemerke og grupperingar</b> .....	<b>9</b>
3.1. Einingar .....	9
3.2. Kjennemerke .....	10
<b>4. Feilkjelder og uvisse</b> .....	<b>16</b>
4.1. Fråfallsfeil .....	16
4.2. Målefeil .....	17
4.3. Tabellar over fråfallsfeil og målefeil .....	19
<b>5. Samanlikningar og samanheng</b> .....	<b>22</b>
5.1. Samanlikning med tidlegare teljingar .....	22
5.2. Samanheng med annan statistikk .....	23
<b>6. Publisering</b> .....	<b>24</b>
<b>7. Kommenterar til tabellar og kart</b> .....	<b>24</b>
7.1. Folkemengda ved folketeljingane .....	24
7.2. Avrunding i tabellar .....	25
7.3. Kommenterar til karta .....	25
<b>Kart</b> .....	<b>26</b>
<b>Figur</b> .....	<b>28</b>
<b>Tabellar</b> .....	<b>29</b>
<b>Vedlegg</b>	
A. Skjema for folke- og bustadteljing .....	53
B. Rettleiing for utfylling av skjema .....	57

# Register

## Kart

Grunnkrinsar, delområde og tettstader .....	26
Busetjingsmønster .....	27

## Figur

Folkemengd, etter kjønn og alder. Heile landet og kommunen. 3. november 2001. Prosent.....	28
--	----

## Tabellar

1. Folkemengd ved folketeljningane. 1769-2001.....	29
2. Folkemengd, etter kjønn, samlivsform og alder. 3. november 2001 .....	29
3. Folkemengd, etter kjønn, alder og hushaldstype. 3. november 2001 .....	30
4. Personar 16-74 år med bustad i kommunen, etter sysselsetjing, kjønn og høgaste fullførte utdanning. 29. oktober-4. november 2001. Tal og prosent .....	31
5. Personar 16-74 år med bustad i kommunen, etter aktivitetsstatus, alder, kjønn, hushaldstype og utdanningsnivå. 29. oktober-4. november 2001 .....	32
6. Sysselsette 16-74 år med bustad i kommunen, etter kjønn, alder, næring, yrkesstatus, avtalt/vanleg arbeidstid per veke, sektor og talet på sysselsette i bedrifta. 29. oktober-4. november 2001 .....	33
7. Sysselsette 16-74 år med arbeidsstad i kommunen, etter kjønn, alder, næring, yrkesstatus, avtalt/vanleg arbeidstid per veke, sektor og talet på sysselsette i bedrifta. 29. oktober-4. november 2001 .....	34
8. Sysselsette 16-74 år med bustad/arbeidsstad i kommunen, etter kjønn og næring. 29. oktober-4. november 2001. Tal og prosent .....	35
9. Sysselsette 16-74 år med bustad i kommunen, etter kjønn, arbeidstid og arbeidsstad. Utpendlarar. 29. oktober-4. november 2001 .....	36
10. Sysselsette 16-74 år med arbeidsstad i kommunen, etter kjønn, arbeidstid og bustad. Innpendlarar. 29. oktober-4. november 2001 .....	36
11. Sysselsette 16-74 år, etter pendlarstatus, næring og utdanningsnivå. 29. oktober-4. november 2001. Prosent.....	37
12. Elevar og studentar 16-74 år med bustad i kommunen, etter sysselsetjing, kjønn, alder, skoleslag, elevar/studentar og skolekommune. 29. oktober-4. november 2001. Tal og prosent .....	37
13. Personar 16-74 år sysselsette minst 100 timar i året med bustad i kommunen, etter arbeidstid i året, alder, kjønn, hushaldstype og utdanningsnivå. 2001. Tal og prosent .....	38
14. Personar 16-74 år sysselsette minst 100 timar i året med bustad i kommunen, etter arbeidstid i året, næring, yrkesstatus og sektor. 2001. Tal og prosent.....	39
15. Bustader, busette og rom, etter bygningstype. 1980, 1990 og 2001. Tal og prosent .....	40
16. Bustader, etter bygningstype og talet på rom. Busette i alt og per bustad, etter talet på rom. 3. november 2001. Tal og prosent .....	41
17. Bustader, etter talet på rom og talet på busette. 3. november 2001. Tal og prosent.....	41
18. Bustader, etter eige-/leigeform, bygningstype, bruksareal og hushaldstype. 3. november 2001.....	42
19. Bustader, etter byggjeår, bygningstype, bruksareal, eige-/leigeform og system for oppvarming. Busette i alt og per bustad. 3. november 2001 .....	43
20. Bustader i alt og busette i ulike aldersgrupper, etter bygningstype, talet på rom, byggjeår, sanitærutstyr, eige-/leigeform, tilkomst for rullestolbrukar og talet på busette. 3. november 2001.....	44
21. Privathushald, etter hushaldstype, talet på familiar i hushaldet, eige-/leigeform, talet på rom, disponering av personbil og sysselsetjing. Personar i privathushald, etter hushaldstype. 3. november 2001 .....	45
22. Privathushald, etter eige-/leigeform og alder på eldste person i hushaldet. 1990 og 2001. Tal og prosent.....	46
23. Personar i privathushald og privathushald, etter hushaldsstorleik og hushaldstype. 3. november 2001. Tal og prosent .....	46
24. Privathushald, etter hushaldstype, alder på eldste person i hushaldet, bygningstype, byggjeår, eige-/leigeform, talet på etasjar/heis, tilkomst for rullestolbrukar, disponering av personbil og indikatorar for bustadstandard. 3. november 2001. Prosent.....	47
25. Par og personar i par. Hovudtal. 3. november 2001.....	48
26. Barn 0-17 år, etter alder, familietype og sysselsetjinga til mor/far i veka 29. oktober-4. november 2001 .....	48
27. Personar 67 år og over i privathushald, etter alder, talet på personar i hushaldet, bygningstype, talet på rom, byggjeår, eige-/leigeform, talet på etasjar/heis, tilkomst for rullestolbrukar og system for oppvarming. 3. november 2001 .....	49
28. Folkemengd, etter alder, bustadstrok og delområde/grunnkrins. 3. november 2001.....	50
29. Sysselsette 16-74 år med bustad i kommunen, etter kjønn, næring, bustadstrøk og delområde/grunnkrins. 29. oktober-4. november 2001. Prosent.....	51
30. Privathushald. Utvalde bustad- og hushaldskjennemerke, etter bustadstrok og delområde/grunnkrins. 3. november 2001. Prosent.....	52

## 1. Formål

Statistisk sentralbyrå (SSB) gjennomførte 3. november 2001 ei folke- og bustadteljing i Noreg (FoB2001). Formålet med denne landsomfattande teljinga er å beskrive korleis folk bur i Noreg, og å gi informasjon om befolkningsammansetninga og levекåra i det norske samfunnet.

Formålet med denne publikasjonen er å gi ei beskriving av kvar kommune og område som er mindre enn kommunen (delområde, grunnkrinsar og tettstader).

## 2. Opplegg og gjennomføring

### 2.1. Omfanget av statistikken

Folke- og bustadteljing 2001 (FoB2001) omfattar alle personane som ifølgje Det sentrale folkeregister var busette i Noreg på teljingstidspunktet 3. november 2001.

Teljinga omfattar alle privathushald og privatbustader der minst éin person var registrert busett 3. november 2001. For bortebuande studentar er det i tillegg henta inn opplysingar om hushaldet og bustaden på studiestaden.

Det er ikkje henta inn opplysingar om bustaden for bebuarar i aldersheimar, sjukeheimar, barneheimar og andre felleshushald. Det er likevel samla inn opplysingar om institusjonsadresse for bebuarar på alders- og sjukeheimar.

### 2.2. Datakjelder og datainnsamling

I FoB2001 er data henta inn på to måtar: Frå administrative og statistiske register og ved hjelp av spørjeskjema (bustadteljinga). Personkjennermerke og geografiske kjennermerke kjem frå register. Kjennermerke for par, familiar og hushald er baserte på kopling av data frå register og frå bustadteljinga. Bustad- og bygningsdata er i hovudsak henta frå bustadteljinga, men er også supplert med registerdata.

#### Registerdata

Dei registerdata som blir nytta i FoB2001 er dei same som SSB bruker i annan statistikk. Innanfor ulike statistikkområde har SSB bygd opp datasystem som blir kalla statistiske register. Desse er så baserte på eitt eller fleire administrative datasystem, anten administrative register som blir førte av andre offentlege styresmakter eller administrative data som blir samla inn av SSB.

Demografiske opplysingar og opplysingar om bustad og innvandringsbakgrunn blir henta frå SSBs befolkningsstatistikksystem som i hovudsak er basert på Det sentrale folkeregister (folkeregisteret).

SSB har bygd opp eit system for samla utnytting av registerbaserte arbeidsmarknadsdata. Systemet omfattar konsistensbehandling mellom ulike datakjelder, val av viktigaste arbeidsforhold, utrekning av arbeidstid i året og klassifisering som sysselsett. Arbeidstakarregisteret er hovudkjelda til data om lønnstakarar, men Lønns- og trekkoppgåverregisteret (LTO-registeret) utgjer eit viktig supplement. Sjølvmeldingsregisteret er hovudkjelda til opplysingar om sjølvstendig næringsdrivande. Einingsregisteret og Bedrifts- og føretaksregisteret (BoF) gir opplysingar om bedriftene (arbeidsstadene), mens SOFA-søkjjarregisteret gir data om arbeidslause og personar på arbeidsmarknadstiltak. Register over vernepliktige og sivilarbeidarar inngår også. I tillegg blir det nytta supplerande data frå fleire andre kjelder.

Utdanningsdata blir henta frå SSBs register over den høgaste utdanninga hos befolkninga som er basert på opplysingar frå dei enkelte lærestadene og statlege og

fylkeskommunale datasystem. Registeret inneheld opplysingar om høgaste fullførte utdanning og igangverande utdanning (elevar og studentar).

Data om pensjonar blir henta frå SSBs forløpsdatabase FD-Trygd, som så nyttar data frå månadsfiler i Rikstrygdeverket.

Data om personbilar og førarkort blir primært henta frå Kjøretøyregisteret og Førarkortregisteret. Det blir også nytta data frå LTO-registeret om personar som disponerer bil gjennom arbeidsforholdet.

Opplysingar om bygningstype blir henta frå bygningsdelen av Grunneigedoms-, adresse- og bygningsregisteret (GAB-registeret). Andre data frå dette registeret blir også brukt som supplerande informasjon.

Opplysingar om adresser for busette, bustader og bedrifter blir henta frå adresse- delen av GAB-registeret. Dette er opplysingar om kva grunnkrins, delområde og kommune adressa høyrer til, og om adressa ligg i tettbygd eller spreittbygd strok.

### **Bustadteljinga**

Det er gjennomført ei fullstendig bustadteljing der bustadskjema vart sendt i posten til ein kontaktperson i kvar familie (sambuarar utan felles barn vart i utsendinga rekna som to familiar). Namn og adresse frå folkeregisteret var ført på skjemaet på førehand. Kontaktpersonane skulle svare på om adressa som var gitt opp stemte med adressa der dei budde 3. november 2001. Vidare følgde ein del spørsmål om bustaden. Skjemaet inneheldt også ei namneliste over dei personane som var registrert som tilhøyrande same familie. Kontaktpersonen skulle markere kven av desse personane som budde i bustaden, og supplere namnelista med eventuelle andre personar som budde der.

Kontaktpersonen skulle returnere skjemaet i ein svarkonvolutt som låg ved eller svare på skjemaet via Internett. Dei som ikkje hadde sendt inn bustadteljings-skjemaet til rett tid, fikk inntil to påminningar i posten.

Det vart henta inn opplysingar om faktisk bustad for studentar ved universitet eller høgskolar og for skoleelevar 16 år og over. Alle som våren eller hausten 2001 hadde søkt Statens lånekasse for utdanning om utdanningsstipend for bortebuande studentar, fikk eit eige skjema. Dette skulle fyllast ut for bustaden på studiestaden når studenten budde borte frå foreldra.

## **2.3. Kontroll og revisjon**

### **Registerdata**

Registerdata blir kontrollert og revidert som ein del av det løpande arbeidet med dei enkelte sektorstatistikkane. Kjennemerke som ikkje finst direkte i dei administrative kjeldene, blir danna ved at data frå ulike registerkjelder blir kombinerte.

### **Bustadteljinga**

Spørjeskjema vart skanna og avkryssingane lese optisk. Tal som var skriva i klartekst vart tolka maskinelt. Fødselsnummer til personar som var oppførte på skjema som busette i hushaldet, vart funne ved oppslag i folkeregisteret. Nye adresser som var påførte skjema vart kontrollerte mot folkeregisteret. SSB har ikkje kontakta oppgavegivarar dersom det vart funne feil eller manglar ved utfyllinga. Materialet har likevel gjennomgått maskinelle kontrollar og opprettingar. Det er berekna verdiar der det ikkje er svart på enkeltpørsmål (partiell fråfall), og der heile skjema er utan svar (einingsfråfall). Sjå avsnitt 4.1.



### 3. Omgrep, kjennemerke og grupperingar

Der ikkje anna er nemnt, gjeld opplysingane 3. november 2001.

#### 3.1. Einingar

##### Person

Teljinga omfattar alle personar som ifølgje Det sentrale folkeregister var busette i Noreg 3. november 2001. Kven som skal reknast som busett og kor dei skal ha adresse, går fram av «Lov om folkeregistrering av 16. januar 1970» (med seinare endringar) og forskrifter til denne.

##### Par

Som par reknar vi to personar som er registrert busette i den same bustaden og er gifte med kvarandre, registrerte partnerar eller sambuarar, det vil seie som er i samliv utan å ha inngått ekteskap eller registrert partnerskap. For å bli rekna som sambuarar må personane, i tillegg til å vere registrert busette i den same bustaden, anten ha felles barn og/eller ha gitt opp på bustadskjemaet at dei er sambuarar. Separerte som er registrert busette i den same bustaden, blir ikkje rekna som par med mindre dei har gitt opp på bustadskjemaet at dei er sambuarar.

##### Familie

Ein familie består av personar som er registrert busette i den same bustaden og som er knytte til kvarandre som ektefellar, registrerte partnerar, sambuarar eller som foreldre og barn (utan omsyn til alderen på barnet). Ein familie kan høgst bestå av to påfølgjande generasjonar og berre eitt par. Dette betyr at personar som er gifte eller sambuarar og/eller bur saman med egne barn, ikkje kan tilhøyre familien til foreldra. Når personar som tidlegare har vore gifte bur saman med foreldra sine, blir dette rekna som to familiar. Enkeltpersonar blir også rekna som familie, slik at alle personar er med i ein familie, anten saman med andre eller åleine.

##### Hushald

Til det same hushaldet reknar vi personar som er registrert busette i same privatbustad eller institusjon. Eit slikt hushald kallar vi eit *buhushald*. FoB2001 gir ingen informasjon om *kosthushald*, det vil seie personar som er busette i den same bustaden og i tillegg har felles kost.

Eit *privathushald* består av personar som er busette i den same privatbustaden. Eit *felleshushald* består av personar som er busette og får dekt behova sine for kost, pleie og omsorg på ein institusjon. Tilsette som er busette i/ved eit felleshushald, blir rekna som busette i privathushald. FoB2001 gir ikkje statistikk for felleshushald, men statistikken gir talet på personar som er busette i *andre hushald*, det vil seie personar som er busette i felleshushald samt personar utan fast bustad.

Hushald kan bestå av éin eller fleire familiar. Personar som høyrer til den same familien, høyrer også til det same hushaldet. For at personar som ikkje høyrer til same familie skal utgjere eitt hushald, må dei vere registrerte på den same adressa i folkeregisteret og ha gitt opp på bustadskjemaet at dei bur i den same bustaden. Dette betyr at ugifte, bortebuande studentar som er registrerte på adressa til foreldra, blir rekna med i hushaldet til foreldra. Berre personar som er registrert busette på ein institusjon, blir rekna å høyre til eit felleshushald. Mange personar som faktisk bur på institusjonar, til dømes alders- og sjukeheimar, er registrert som busette i privatbustad (saman med ektefellen).

I dette heftet er alle hushaldstala baserte på bustadadressa i folkeregisteret, men i FoB2001 kan vi også lage statistikk etter adressa på studiestaden for bortebuande studentar og institusjonsadresse for personar som bur på alders- og sjukeheimar.

### Bustad

Ein bustad er eitt eller fleire rom som er bygd eller ombygd til heilårs privatbustad for ein eller fleire personar. Det må vere tilkomst til rommet/romma utan at ein må gå gjennom ein annan bustad. Ein bustad er da til dømes ein einebustad, rekkjehusleilegheit, leilegheit i tomannsbustad, leilegheit i leigegard, blokkleilegheit eller hybelleilegheit.

Ein *hybel* i privathus blir rekna som ein bustad dersom han har eigen inngang. I hybelhus blir kvar hybel rekna som ein eigen bustad, sjølv om kjøkken og bad er felles. Leilegheiter og hyblar som blir disponerte av privathushald i sjukehus, institusjonar, militærforlegningar og liknande, blir alltid rekna som eigne bustader.

Fordi omgrepet buhushald blir brukt, blir talet på bustader det same som talet på privathushald.

### Bygning

Bygning er ikkje ei eiga eining i datainnsamlinga eller statistikken, men statistikken omfattar nokre kjennemerke som gjeld bygningen som bustaden ligg i. I denne samanhengen er ein bygning definert som ein fast og frittstående konstruksjon med ein eller fleire bustader. Ein bygning skal ha tak og omsluttande veggjar.

## 3.2. Kjennemerke

### Personkjennemerke

*Bustadadresse* Hovudregelen er at ein person skal vere registrert busett der vedkomande har det meste av døgnkvila si, men det finst ein del unntak. Dei viktigaste er at ugifte skoleelevar og studentar skal vere registrerte der dei budde før dei flytta til studie-staden (ifølgje forskriftene for folkeregistrering som gjaldt fram til 1. november 2001), og at gifte personar som bur på alders- og sjukeheimar normalt blir registrerte saman med ektefellen når denne bur i ein privatbustad. Vekependlarar som er gifte og/eller har hushald saman med eigne barn, skal vere registrerte saman med ektefellen og/eller barna.

Ein del personar er utan fast bustad, det vil seie at dei ikkje kan knytast til ei bestemt bustadadresse. Dette kan vere personar som bur i båt eller husvogn, som bur mellombels hos venner og familie eller heilt manglar ein stad å bu. Desse personane blir rekna som busette i den kommunen der dei hadde den siste faste bustaden sin. I fordelingar etter grunnkrins, delområde, bydel og bustadstrok blir dei rekna med i gruppa *uoppgitt*.

*Folkemengd* Folkemengda er det totale talet på personar som er registrert busette i eit område.

*Alder* Alder er rekna per 31. desember 2001.

*Samlivsform* Samlivsform viser til om ein person er gift, registrert partner, sambuar eller ikkje inngår i eit par (som definert i avsnitt 3.1). I tabellane er gifte og registrerte partnarar grupperte saman.

*Høgaste fullførte utdanning* Det blir gitt opplysingar om høgaste fullførte utdanning for personar som er 16 år eller over, samt for 15-åringar som har avslutta grunnskole eller tek ei utdanning ut over grunnskole. Opplysingane om utdanning gjeld per 1. oktober 2001. For personar med fleire fullførte utdanningar, er det berre den høgaste som er gitt opp.

Utdanninga si art er basert på Norsk standard for utdanningsgruppering (NUS2000). Utdanninga er gruppert i fire *nivå*:

- Grunnskoleutdanning.
- Vidaregåande utdanning (inkl. *Påbygging til vidaregåande utdanning* som omfattar utdanningar som byggjer på vidaregåande skole, men som ikkje er godkjend som høgare utdanning).
- Universitets- og høgskoleutdanning, kort (høgare utdanning t.o.m. 4 år).
- Universitets- og høgskoleutdanning, lang (høgare utdanning på meir enn 4 år, samt forskarutdanning).

*Fagfelt* nemner det faglege innhaldet i utdanninga.

For om lag 85 000 personar er den høgaste fullførte utdanninga *uoppgitt*, eller dei er registrerte med *inga fullført utdanning*. Relativt mange av desse har innvandra til Noreg etter oktober 1999.

*Elev/student på teljingstidspunktet*

Opplysingane gjeld personar som var under utdanning per 1. oktober 2001 og omfattar alle elevar/studentar som har avslutta grunnskolen.

Gruppa *elevar* omfattar personar i vidaregåande utdanning og elevar ved folke- høgskolar. Personar på arbeidsmarknadskurs er også inkluderte. Innanfor vidaregåande utdanning er elevar som tek del i ei utdanning som normalt har ei lengd på minst 300 undervisningstimar per år inkluderte. Lærlingar blir ikkje rekna med i gruppa elevar i FoB2001.

Gruppa *studentar* består av personar innanfor høgare utdanning, det vil seie studentar ved høgskolar, universitet og vitskapelege høgskolar som er godkjende av Utdannings- og forskingsdepartementet.

I tabellane i dette heftet inngår berre elevar eller studentar som er registrerte ved utdanningsinstitusjonar i Noreg. FoB2001 har i tillegg opplysingar om kven som er studentar i utlandet og kva land dei studerer i.

*Skoleslag*

Ved gruppering av skoleslag blir følgjande inndeling nytta:

- Folkehøgskolar.
- Vidaregåande skolar (inkl. personar på arbeidsmarknadskurs, ekskl. lærlingar).
- Høgskolar (statlege, militære og andre).
- Universitet (universitet og vitskapelege høgskolar).

*Skolekommune*

Dette er lokaliseringskommune for skole/utdanningsinstitusjon. For militære skolar er skolekommune ikkje gitt opp.

*Sysselsette i teljingsveka*

I SSBs arbeidskraftundersøking (AKU) er sysselsette definert som personar som utførte inntektsgivande arbeid som varte minst éin time i referanseveka, samt personar som har eit slikt arbeid, men som var mellombels fråverande på grunn av sjukdom, ferie, lønna permisjon eller liknande. Personar som er inne til førstegongs militær- eller siviltjeneste blir rekna som sysselsette. Personar på sysselsetjingstiltak med lønn frå arbeidsgivar blir også klassifiserte som sysselsette.

I FoB2001 og anna registerbasert statistikk, er målet å lage ei klassifisering av sysselsette som ligg så nær opp til denne definisjonen som mogleg. Det viktigaste registeret for å identifisere sysselsette er Arbeidstakarregisteret som har data som viser kva arbeidsforhold som var aktive i referanseveka. Dei andre hovuddatakjeldene, Lønns- og trekkoppgåverregisteret og Sjølvmeldingsregisteret har ikkje slike data. Kva personar som skal klassifiserast som sysselsette i referanseveka er da berekna ut frå opplysingar om lønn og næringsinntekt, samt supplerande informasjon frå andre register og statistikkssystem. Metoden gir talet på sysselsette i alt som stemmer overeins med tilsvarande tal frå AKU. Sidan AKU omfattar

aldersgruppa 16-74 år, gjeld registerstatistikken for sysselsette også berre personar i denne aldersgruppa.

For sysselsette med fleire arbeidsforhold i teljingsveka (29. oktober-4. november 2001), blir eitt fastsett som det viktigaste. Opplysingar om arbeidsstaden til personane (bedrifta), yrkesstatus og arbeidstid gjeld det viktigaste arbeidsforholdet.

*Arbeidstid i veka* For lønnstakarar er dette *avtalt* arbeidstid i veka i det viktigaste arbeidsforholdet, det vil seie talet på arbeidstimar per veka som den tilsette ifølgje arbeidskontrakten skal vere på arbeid. For sjølvstendig næringsdrivande er det utrekna *vanleg* arbeidstid per veka ut frå tilgjengelege registeropplysingar.

*Personar sysselsette minst 100 timar i året* I FoB90 vart sysselsette i året definert som personar som hadde inntektsgivande arbeid minst 100 timar i året. Alle arbeidsforholda skulle reknast med, også bijobbar. Sjukefråvær, ferie, permisjon med lønn og så vidare skulle også reknast med.

I FoB2001 er målet ved hjelp av tilgjengelege registerdata å lage ei klassifisering av sysselsetjinga i teljingsåret (kalenderåret 2001) som ligg så nær opp til denne definisjonen som mogleg. Med utgangspunkt i kontantlønn i året, lengda av arbeidsforholda og arbeidstid i veka, blir talet på timar i året utrekna for kvart enkelt lønnstakarforhold. For sjølvstendig næringsdrivande nyttar vi opplysingar om næringsinntekt samt arbeidstidsopplysingar frå AKU. Samla arbeidstid blir då utrekna som summen av arbeidstida i dei enkelte arbeidsforholda, men det blir gjort visse justeringar i forhold til kor mange arbeidsforhold kvar person kan ha på same tid. Utrekningane blir berre gjorde for personar i alderen 16-74 år.

Ut frå samla arbeidstid blir det fastsett kva personar som er sysselsette minst 100 timar i løpet av året. For sysselsette med fleire arbeidsforhold i året blir eitt fastsett som det viktigaste; det forholdet der det er utført flest timar i løpet av året. Opplysingar om arbeidsstaden (bedrifta) og yrkesstatusen til personane gjeld det viktigaste arbeidsforholdet.

*Arbeidstid i året* Arbeidstida blir utrekna som forklart ovanfor. Datagrunnlaget set grenser for kor eksakt arbeidstida kan reknast ut. Arbeidstida blir difor berre gitt opp i intervall: 100-499 timar, 500-999 timar, 1 000-1 299 timar og 1 300 timar og over.

*Yrkesstatus* *Lønnstakarar*, eller tilsette, omfattar også medeigarar i aksjeselskap og andre selskap med avgrensa ansvar. *Sjølvstendig næringsdrivande* er personar som driv næringsverksemd for eiga rekning (åleine eller saman med andre).

I FoB90 og AKU blir det også skilt ut ei tredje gruppe, *familiearbeidarar* (familie-medlemmer utan fast lønn i familiebedrift). I registerbasert statistikk er det ikkje mogleg å identifisere denne gruppa.

*Næring* Næring beskriv typen produksjon eller aktivitet på arbeidsstaden (bedrifta). Næring blir koda etter Standard for næringsgruppering frå 1994 (NACE).

*Sektor* Kjennemerket tek utgangspunkt i *Institusjonell sektorgruppering* som er ein statistisk standard basert på anbefalingar for nasjonalrekningsoppstilling gitt av FN (SNA 93). I statistikken blir føretak/juridiske einingar i første rekkje grupperte etter samfunnsøkonomisk funksjon, men også etter organisasjonsform og eigarskap. I tabellane i dette heftet er det nytta ei inndeling i tre grupper:

- Statleg forvaltning.
- Kommunal og fylkeskommunal forvaltning.
- Privat sektor og offentlege føretak (omfattar føretakssektoren, hushaldssektoren og ideelle organisasjonar samt sysselsette med uoppgitt sektor).

*Talet på sysselsette i bedrifta* Storleiken på bedrifta er målt i talet på sysselsette ved bedrifta i teljingsveka. Alle sysselsette er rekna med, også dei som har det viktigaste arbeidsforholdet sitt i ei anna bedrift.

*Adressa til arbeidsstaden* *Arbeidsstadskommune* er den kommunen bedrifta ligg i. For sysselsette der det ikkje finst opplysingar om arbeidsstadskommune, eller der denne heilt klårt ikkje gir informasjon om arbeidsstaden til den sysselsette, er arbeidsstadskommune sett lik bustadkommune. Dette gjeld hovudsakleg sjøfolk og tilsette i Forsvaret, vernepliktige og sivilarbeidarar samt ein del sjølvstendig næringsdrivande. For dei fire største bykommunane blir det også gitt opplysingar om kva *bydel* bedrifta ligg i.

*Pendling* Det er i FoB2001 ikkje samla inn eigne data om arbeidsreiser, men det blir laga statistikk der ein samanliknar bustaden og arbeidsstaden til den enkelte person i teljingsveka. Dette gir ein indikasjon på omfanget av arbeidsreiser eller pendling mellom regionar. Pendling slik det her er definert, er ikkje alltid det same som daglege arbeidsreiser. Nokre vil vere vekependlarar, andre er deltidsyssselsette eller jobbar heilt eller delvis heimanfrå.

Med *innpendlarar* til ein kommune meiner vi personar som har arbeidsstaden i kommunen, men bustaden i ein annan kommune. Med *utpendlarar* meiner vi personar som bur i kommunen, men har arbeidsstaden sin i ein annan kommune.

*Aktivitetsstatus i teljingsveka* Kjennemerket skil mellom personar i og utanfor *arbeidsstyrken*. Personar i arbeidsstyrken er anten *sysselsette* eller *arbeidslause*. Personar utanfor arbeidsstyrken blir delte inn i gruppene *under utdanning*, *pensjonistar* og *andre*.

Sysselsette i teljingsveka er definerte som ovanfor. Personar som ikkje er sysselsette i løpet av teljingsveka og som er registrerte som heilt arbeidslause, blir klassifiserte som arbeidslause. Personar som er både arbeidslause og sysselsette i løpet av veka, blir alltid rekna som sysselsette. Det blir vidare gjort ei konsistensbehandling av dei data som finst i dei aktuelle registra. Dette fører til at talet på arbeidslause i FoB2001 blir lågare enn det offisielle talet frå Aetat for arbeidsledige ved utgangen av oktober 2001.

Personar som er utanfor arbeidsstyrken, blir klassifiserte som *pensjonistar* dersom dei i november 2001 fekk ei av følgjande ytingar frå folketrygda: alderspensjon, uførepensjon, etterlatnepensjon eller avtalefesta pensjon (førtidspensjon).

Personar utanfor arbeidsstyrken som ikkje blir rekna som pensjonistar, blir klassifiserte som *under utdanning* dersom dei var elevar/studentar per 1. oktober 2001. Også studentar i utlandet er rekna med. Personar på kvalifiseringstiltak som er registrerte i SOFA-søkjarregisteret, blir også rekna med til denne gruppa.

Personar utanfor arbeidsstyrken som ikkje er pensjonistar eller under utdanning, tilhøyrrer gruppa *andre*. Gruppa omfattar mellom anna personar som har husarbeid som den viktigaste aktiviteten sin.

### **Kjennemerke for par, familiar og hushald**

*Talet på barn i familien/hushaldet* Som barn i *familien* reknar vi personar under 18 år som er registrert busette i familien til minst éin av foreldra.

Som barn i *hushaldet* reknar vi personar under 18 år som er registrert busette i hushaldet til minst éin av foreldra. Barn under 18 år som er registrert busette saman med andre vaksne enn foreldra sine, til dømes fosterbarn, blir ikkje rekna med som barn i hushaldet. Talet på barn i hushaldet er difor ikkje alltid det same som talet på personar under 18 år i hushaldet.

*Familietype* Inndelinga tek utgangspunkt i Standard for grupperingar av familiar og hushald. Det blir skilt mellom einpersonfamiliar og fleirpersonfamiliar. Familiar med fleire

personar blir primært grupperte etter om det er eit *par* i familien, om det er *barn* i familien og *alderen på det yngste barnet*. I ei meir detaljert gruppering blir ein-personfamiliar delte inn etter *alderen på personen*, det blir skilt mellom *gifte par* og *sambuande par*, og par utan barn blir fordelte etter *alder på eldste person*.

*Hushaldstype* Inndelinga tek utgangspunkt i Standard for grupperingar av familiar og hushald. Det er primært skilt mellom *einfamilie-* og *fleirfamiliehushald*. For einfamiliehushald blir det vidare skilt mellom åleinebuande og hushald med fleire personar. Sistnemnde gruppe blir delt inn etter om det er eit *par* i hushaldet, om det er *barn* i hushaldet og *alder på yngste barn*. Fleirfamiliehushald blir delte inn etter om det er *barn* i hushaldet eller ikkje. I ei meir detaljert gruppering blir einpersonfamiliar delte inn på same måte som for familietype.

*Hushaldsstorleik* Talet på personar som er busette i hushaldet.

*Talet på personbilar som blir disponerte av hushaldet* Utgangspunktet er talet på personbilar som er registrert på medlemmene i hushaldet. Mindre varebilar og kombibilar er også rekna med. Personar som disponerer fri bil gjennom arbeidsforhold reknar vi å ha ein bil i tillegg.

*Eige-/leigeforhold til bustaden* Som eigarar reknar vi både sjølveigarar og eigarar gjennom burettslag eller aksjeselskap. Eige av obligasjon i obligasjonsselskap blir rekna som leige av bustaden. Det er gitt opp type leigeforhold (av privatperson, bustadselskap, kommunen, som tenestebustad mv.). Hushaldet blir rekna som eigar av bustaden dersom minst ein av personane i hushaldet står som eigar.

### **Bustad- og bygningskjennemerke**

*Busette* Busette er personar som bur i privatbustader. Talet på busette i bustaden er da det same som talet på personar i hushaldet. Talet på busette i ein kommune er noko lågare enn talet på personar i alt (folkemengda) som også omfattar personar som bur i fellehushald eller er utan fast bustad.

*Bruksareal* Bruksareal er eit mål for areal innanfor dei omsluttande veggene i bustaden. Alle typar rom, også oppbevaringsrom, blir rekna med. Arealet av hybel eller hybel-leilegheit som blir leigd bort, rom som ein må gå ut av bustaden for å komme til og loft som ein må bruke stige for å komme til, er ikkje rekna med.

*Talet på rom i bustaden* Som rom reknar vi opphaldsrom på seks kvadratmeter eller meir som kan brukast året rundt. Kjøkken, bad, wc, vaskerom, gang og liknande blir ikkje rekna med, og heller ikkje rom som berre blir nytta til næringsverksemd.

*Kjøkken* Kjøkkenet er den delen av bustaden der det er installert utstyr til matlaging. Kjøkkenet kan vere eit eige rom, men opne kjøkkenløysingar er også rekna med. Dersom fleire bustader har felles kjøkken, til dømes hyblar i eit hybelbygg, er alle bustadene rekna å vere utan kjøkken.

*Sanitærutstyr* *Bad* er rom der det er installert badekar og/eller dusj. Berre *vassklosett* som finst inne i sjølve bustaden er rekna med.

*Tilkomst for rullestolbrukar* Dersom ein rullestolbrukar skal kunne *komme inn i bustaden ved eiga hjelp*, krev det mellom anna at det ikkje må vere trapper som hindrar ferdsel inn i bustaden, og at inngangsdøra er minst 80 cm brei.

Ein rullestolbrukar kan *nytte alle viktige rom i bustaden* dersom vedkomande ved eiga hjelp kan nytte bad, toalett, minst eitt soverom, kjøkken og stove i bustaden. Dette er vurdert uavhengig av om ein rullestolbrukar kan komme inn i bustaden ved eiga hjelp.

<i>System for oppvarming</i>	Kjennemerket viser kva slags omnar eller system for oppvarming som finst i bustaden, uavhengig av om desse faktisk er i bruk. I statistikken er bustader også grupperte etter kombinasjonar av oppvarmingssystem.
<i>Garasje/carport/ parkeringsplass</i>	Kjennemerket viser om bustaden har eigen garasje eller carport. For bustader som ikkje har dette, er det gitt opp om dei har eigen parkeringsplass. Dersom bebuarar leiger garasje/carport/parkeringsplass som ikkje høyrer til bustaden, er ikkje dette rekna med.
<i>Hage</i>	Kjennemerket viser om dei busette i bustaden har tilgang til eigen hage eller felles hage med naboar.
<i>Balkong/veranda/terrasse</i>	Kjennemerket viser om bustaden har eigen balkong, veranda eller terrasse.
<i>Bygningstype</i>	<p>Kjennemerket viser kva type bygning bustaden ligg i. Det er skilt mellom følgjande typar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Frittståande einebustad eller våningshus i tilknytning til gardsdrift.</li> <li>• Hus i kjede, rekkjehus, terrassehus eller vertikaldelt tomannsbustad.</li> <li>• Horisontaldelt tomannsbustad eller anna bustadbygg med mindre enn tre etasjar.</li> <li>• Blokk, leigegard eller anna bustadbygg med tre etasjar eller meir.</li> <li>• Forretningsbygg, bygg for felleleshushald eller liknande.</li> </ul> <p>Gruppa <i>frittståande einebustad mv.</i> omfattar også einebustad med hybelleilegheit. Bygningen blir rekna å tilhøyre gruppa <i>forretningsbygg mv.</i> dersom mindre enn halvparten av bruksarealet blir brukt som privatbustad.</p>
<i>Byggeår</i>	Byggeår er det året da bygningen var klar til innflytting. I bygningar med fleire bustader der innflyttinga skjedde gradvis, reknar vi det året da minst halvparten av bustadene var klare til innflytting. For hus som er ombygde, er det opphavlege byggeåret gitt opp.
<i>Talet på etasjar</i>	Kjennemerket viser kor mange etasjar det totalt er i den bygningen som bustaden ligg i, uavhengig av kva etasje/etasjar bustaden ligg i. Kjellar eller underetasje blir ikkje rekna med sjølv om dei er heilt eller delvis innreia til bustadformål. Loft er berre rekna med dersom det er innreia til bustadformål.
<i>Heis</i>	Som heis reknar vi personheis, ikkje vareheis eller trappeheis installert i einebustad.
<i>Kommune</i>	<p><b>Geografiske kjennemerke</b></p> <p>Det er kommuneinndelinga per 1. januar 2002 som er nytta. Dei tidlegare kommunane Våle og Ramnes i Vestfold vart da slått saman til Re kommune. Ølen vart flytta frå Hordaland til Rogaland.</p>
<i>Bydel</i>	Bydelar utgjer geografiske område i ein by. Nokre kommunar har desentralisert både politisk og administrativ forvaltning til bydelane. I FoB2001 gir vi statistikk for bydelane i dei fire kommunane Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger. Bydelane er bygde opp av heile grunnkrinsar, men ikkje alltid av heile delområde.
<i>Grunnkrins og delområde</i>	Formålet med å dele kommunane inn i <i>grunnkrinsar</i> er å lage små, stabile og geografisk samanhengande einingar som høver til presentasjon av regionalstatistikk. Avgrensinga er ikkje knytt til tettstadavgrensinga. Ein grunnkrins kan difor innehalde både tett og spreidd busetjing. Det er heller ikkje krav om at grunnkrinsgrensene skal falle saman med grensene for sokn, skole- eller valkrinsar. Grunnkrinsane er grupperte saman i delområde. Kart over grunnkrinsar og delområde i kommunen finst i dette heftet.
<i>Tettstad og bustadstrok</i>	Ein <i>tettstad</i> blir definert som ei hussamling der det bur minst 200 personar, og avstanden mellom husa normalt ikkje overstig 50 meter. Det er tillate med pårekna

avvik utover 50 meter mellom husa i område som ikkje skal eller kan byggjast ut. Dette kan til dømes vere parkar, idrettsanlegg, industriområde eller naturlege hindringar som elvar eller dyrkbare område. Husklyngjer som naturleg høyrer med til tettstaden skal takast med inntil ein avstand på 400 meter frå tettstadkjernen.

Tettstadavgrensinga er uavhengig av grunnkrinsinndelinga, og kan også gå på tvers av kommune- og fylkesgrensene. I FoB2001 bruker vi avgrensinga per 1. januar 2002. Kart som viser tettstadene i kommunen finst i dette heftet.

*Bustadstrok* gir ei inndeling i tettbygde og spreittbygde strok. Tettbygde strok er område som ligg innanfor ein tettstad, spreittbygde strok er alle område utanfor tettstader.

*Rutenett* På busetjingskarta er det vist talet på busette per rute i eit regelmessig rutenett med 250 m x 250 m rutestørleik. Rutenettet følgjer km-linjene i UTM-nettet, sone 33 (EUREF89).

## 4. Feilkjelder og uvisse

Tala som blir publiserte vil vere usikre på grunn av fleire typar feilkjelder. Det er her lagt mest vekt på å beskrive uvisse som kjem av fråfalls- og målefeil. Fråfallsfeila betyr mest for kjennemerke som heilt eller delvis er baserte på bustadskjema, det vil seie tal for par, familiar, hushald og bustader. Målefeil betyr noko for kvaliteten på alle typar kjennemerke, men omfanget og verknaden av målefeila vil variere mellom dei forskjellige tabellane.

### 4.1. Fråfallsfeil

#### Einingsfråfall

For 7 prosent, i underkant av 140 000, av dei familiare som det vart sendt skjema til, har SSB ikkje fått att noko utfylt skjema. Om lag 40 000 skjema vart returnerte av Posten. Vidare er drygt 93 000 skjema ikkje svart på sjølv etter andre påminning. Dei resterande er tilfelle der kontaktpersonen bur på ein institusjon, er student i utlandet eller av ulike grunnar har vorte friteke for å svare. Når skjemaet ikkje har komme attende, eller heile skjemaet er ubrukeleg fordi det er dårleg utfylt, kallar vi dette *einingsfråfall*. Fråfallet er kjenneteikna ved at det var ei stor overvekt av familiar med berre éin person, få ektepar og sambuarar med felles barn og få barnefamiljar. Fråfallet er også lågare blant familiar som bur i einebustad enn blant familiar som bur i andre typar bustader.

Eit einingsfråfall på 7 prosent er lågt samanlikna med skjemaundersøkingar i det store og heile. Sjølv om berekningane som er gjorde for fråfallet fører til visse feil (sjå nedanfor), betyr dette difor relativt lite for kvaliteten på tala i tabellane over hushald og bustader.

Einingsfråfallet for kommunen i dette heftet er vist i tabell 4.5.

#### Berekningar for par, familiar, hushald og bustader

I dei tilfella der skjemaopplysingar manglar, er tala for par, familiar og hushald berekna ut frå opplysingar i folkeregisteret. Hovudproblemet er da at det ikkje er mogleg å identifisere sambuarar utan felles barn. Fråfallet fører altså til at det i statistikken blir for få sambuarpar og for mange einslege. For *familiar* blir talet på ektepar (med og utan barn) av god kvalitet, mens ein kan gå ut frå at talet for gruppene åleinebuande og mor/far med barn blir noko for høgt på kostnad av talet på sambuarar (med og utan barn). Fråfallet har vidare ført til at nokre *hushald* som består av sambuarpar utan felles barn og hushald som består av fleire familiar, ikkje har vorte identifiserte. Desse blir da i statistikken rekna som to eller fleire hushald.



Fråfallet fører altså til at talet på hushald, og dermed også bebudde bustader, blir litt for høgt. Det blir for mange «små» hushald (åleinebuande og mor/far med barn) og for få «store» (sambuarar med eller utan barn). Sidan bustadopplysingane for dei som ikkje har svart på skjemaet er berekna ut frå hushaldstypen, er det grunn til å tru at vi på dette viset har fått for mange små og for få store bustader.

Feila er størst i område og aldersgrupper der det er eit stort innslag av sambuarar utan felles barn og/eller personar som bur saman utan at dei tilhøyrrer den same familien, og dessutan der fråfallet er større enn gjennomsnittet.

For dei hushalda der bustadskjema manglar, har det også vore nødvendig å berekne bustadopplysingar. Dette skjedde ved at opplysingar frå eit anna hushald vart trekte ut og nytta. Dette hushaldet måtte liggje i same grunnkrins, bu i same type bygning og ha same familietype. I tillegg skilte ein ut ikkje-vestlege innvandrarakar som ei eiga gruppe i berekningane. Kor store feil dette fører til i bustadtala er både avhengig av kor stort fråfallet var, og i kva grad fråfallet var tilfeldig innanfor kvar gruppe som vart laga ut frå kriteria nemnde ovanfor.

### Partielt fråfall

På ein del skjema er det ikkje svart på enkelte bustadspørsmål (*partielt fråfall*). Stort sett er dette fråfallet etter måten lågt, men det varierer mykje frå spørsmål til spørsmål (sjå døme for kommunen i tabell 4.5). Forskjellane har truleg samanheng med kor vanskeleg oppgåvegivaren synest det er å gi eit svar. I nokre tilfelle kan det også vere at oppgåvegivaren ikkje ønskjer å gi denne typen opplysingar. For spørsmål som ikkje er svarte på, er det berekna verdiar ut frå svaret på andre spørsmål eller ved å bruke opplysingar frå GAB-registeret. Sjølv om det partielle fråfallet for enkelte kjennemerke er høgt, er effekten truleg relativt liten, sidan berekningane som blir gjorde er rimeleg sikre.

### Persontabellar

Persontabellane byggjer stort sett på opplysingar henta frå eitt eller fleire register. Fråfall av informasjon vil her seie at opplysingar om personen manglar i eitt eller fleire register. Fråfallet er redusert ved å nytte opplysingar frå fleire register i kombinasjon, til dømes vil Lønns- og trekkoppgåverregisteret fange opp ein del arbeidsforhold som manglar i Arbeidstakarregisteret.

Eit døme på fråfall er at ikkje alle dei registra som blir brukte for å lage sysselsetjingstal, har opplysingar om bedrifta der den enkelte arbeider. Når bedriftsopplysingar manglar, må kjennemerke som gjeld arbeidsstaden bereknast ut frå andre registerdata. I desse berekningane vil det vere ein tendens til at for mange får opplysingar som gjeld føretaket (hovudkontoret) og ikkje den bedrifta der dei faktisk arbeider. Kvaliteten vil altså variere med delen av sysselsette i kommunen som det har vore nødvendig å berekne bedriftsopplysingar for (sjå tabell 4.5). For nokre grupper, til dømes sysselsette i jordbruket, er grunnlaget for berekningane betre enn for andre grupper.

Eit anna døme er at opplysingar om utdanning manglar, særleg for personar som har innvandra etter oktober 1999. For dette kjennemerket er det ikkje gjort berekningar, og fråfallet er vist direkte i tabellane som *uoppgitt eller inga fullført utdanning*.

## 4.2. Målefeil

For alle typar tabellar må vi rekne med målefeil i tydinga at oppgåvegivaren har svart feil på bustadskjemaet eller at det er feil opplysingar i registra. I tillegg kjem at det kan oppstå feil i handsaminga av skjema, og at samanstillinga av informasjon frå fleire kjelder kan tolkast feil.

### Folkemengd

Befolkningstala som blir publiserte i FoB2001 følgjer den løpande befolkningsstatistikken. Det betyr at bustaden er bestemt av adressa i folkeregisteret per 3. november 2001. Ein del personar vil reelt sett ha flytta utan å sende flyttemelding. Dette er ei feilkjelde som til dømes vil føre til at ein del personar som i røynda er sambuarar (utan felles barn), ikkje blir rekna som sambuarar i statistikken.

Bortebuande studentar er i stor grad registrerte på adressa til foreldra. Dette er korrekt ifølgje reglane for folkeregistrering. Men samanlikna med det som er den *faktiske* bustaden til befolkninga på teljingsdagen, fører dette til at statistikken gir for få hushald og bustader i Noreg. I kommunar med høgskolar og universitet må ein rekne med for få personar og hushald i dei aktuelle aldersgruppene (hovudsakleg 20-29 år). I kommunar utan slike utdanningsinstitusjonar viser statistikken for mange personar. Det fører til at bustadene i statistikken gjennomsnittleg er bebudde av litt for store hushald.

### Bustadjennemerke

Samanlikning av svar på dei ulike spørsmåla på bustadskjemaet, tyder på at det er svart feil på spørsmål i ein del tilfelle. Dette gjeld særleg spørsmåla om talet på rom, bruksareal og oppussing av bustaden. For talet på rom og areal har ein forsøkt å korrigere feil ved å utnytte generelle samanhengar mellom desse to kjennemerka og i tillegg nytte informasjonen frå GAB-registeret. Det er likevel klart at ein for desse to kjennemerka må rekne med tilfeldige målefeil, det vil seie at det er gitt opp både for høge og for låge tal på bustadskjemaet. Samanlikningar av resultatata frå bustadteljinga med resultatata frå buforholdsundersøkinga hausten 2001, viser betydelege tilfeldige avvik. For talet på rom svarte berre 40 prosent likt i dei to undersøkingane. Det ville vere langt meir alvorleg med klare systematiske målefeil, altså at oppgåvegivarane gjennomgåande gav opp for høge eller for låge tal. Det viser seg å vere ein svak tendens til at talet på rom har vorte noko høgare i bustadteljinga samanlikna med buforholdsundersøkinga. Når det gjeld arealet er det vanskelegare å samanlikne sidan spørsmålsstillinga ikkje er identisk.

### Sysselsetjing og pendling

For personkjennemerka er det også målefeil. Talet på sysselsette totalt for teljingsveka er bestemt av arbeidskraftundersøkingane (AKU) i 4. kvartal. Det same gjeld talet på lønnstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Klassifiseringa som sysselsett eller ikkje-sysselsett i FoB2001 er samanlikna med kva dei same personane svarte i AKU. Samanlikninga viser at det er tilfeldige målefeil. Det er altså ulik klassifisering for ein del personar, men stort sett er det god samanheng for dei fleste gruppene. For dei yngste (16-24 år) og dei eldste (55-74 år) er det likevel grunn til å rekne med at både tilfeldige og systematiske målefeil slår ut i sysselsetjingstabellane. For heile landet betyr dette at FoB2001 gir for mange sysselsette i desse aldersgruppene. For fylke og store kommunar vil tendensen vere den same, mens for små kommunar vil tala vere usikre på grunn av tilfeldige feil. Eit anna moment, som også betyr noko for kvaliteten på sysselsetjingstala, er forholdet mellom lønnstakarar og sjølvstendig næringsdrivande i kommunen, sidan kvaliteten på lønnstakaropplysingane jamt over er betre enn for dei sjølvstendig næringsdrivande. Generelt kan det seiast at kvaliteten på tala er klart best for dei som er stabile i arbeidsmarknaden, det vil seie dei som arbeider fast og på heiltid.

Ein type målefeil som går att i fleire typar registerdata, er upresise dateringar. Dette kan særleg bli ei stor feilkjelde når data frå ulike kjelder blir kombinerte. I FoB2001 gir vi opplysingar om skoleelevar og studentar som også er sysselsette. Ikkje alle som er registrerte ved ein høgskole eller eit universitet, er aktive studentar i teljingsveka. For ein del arbeidsforhold er også dateringane usikre. Det gjeld særleg den typen arbeidsforhold som elevar og studentar ofte har. Det er til dømes mogleg at ein del studentar som har sommarjobbar, feilaktig kan bli klassifiserte som sysselsette også i teljingsveka. I sum fører dette til at

sysselsetjinga blant elevar og studentar i teljingsveka kan vere noko overvurdert i statistikken.

Målefeil kan slå særleg sterkt ut for statistikk som viser straumar, som til dømes pendlingstal. Adressa til bedrifta er ikkje alltid den same som oppmøteplassen på arbeid for den enkelte person. Sysselsette utan fast arbeidsstad eller med arbeidsstad heime, er registrert med den arbeidsstadskommunen dei administrativt sorterer under. Dette gjeld særleg personar innanfor byggje- og anleggsverksemda og transportnæringa, men også andre grupper. Vidare vil bortebuande studentar normalt vere registrert som busette på heimstadsadressa til foreldra. Dersom dei har ein jobb på studiestaden, vil dei bli rekna som pendlarar. I sum fører desse faktorene til at pendling inn mot større byar og regionale senter blir noko overvurdert i statistikken. For personar som manglar opplysingar om arbeidsstad, er arbeidsstadskommune sett lik bustadkommune, noko som fører til ei viss undervurdering av pendlinga for desse gruppene.

### 4.3. Tabellar over fråfallsfeil og målefeil

I tabellane 4.1-4.4 er uvissa i dei publiserte tala beskrive ved kor stor feil ein kan risikere på grunn av høvesvis fråfallsfeil og målefeil. I desse berekningane er det berre dei tilfeldige fråfalls- og målefeila som er talfesta. Når ein tek omsyn til eventuelle systematiske feil i tillegg, må ein rekne med noko større faktiske feil i dei publiserte tala. Fråfallsfeila og målefeila som er berekna må tolkast som øvre grenser for avvik i forhold til det publiserte talet dersom fråfallet og målefeila er tilfeldige. Berekningane byggjer på at kvaliteten på data frå bustadskjema og registra for kommunen er som for landet i gjennomsnitt. I tabell 4.5 er det gitt ein oversikt over fråfallet for kommunen i dette heftet for nokre utvalde kjennemerke.

#### Fråfallsfeil

Tabell 4.1 tek utgangspunkt i folkemengda i kommunen. «Talet i tabellen» er da talet på personar som har ein viss eigenskap, til dømes bur i ein bustad. Tabell 4.2 tek utgangspunkt i talet på hushald/bustader i kommunen. «Talet i tabellen» kan da til dømes vere talet på hushald som eig bustaden. Tabellane kan også brukast for grupper av personar eller hushald, til dømes busette i eit delområde eller personar i ei aldersgruppe.

**Tabell 4.1 Fråfallsfeilen, etter folkemengda i kommunen og fråfallsprosent. Absolutte tal**

Folkemengda	Fråfallsprosent				
	1 prosent	2 prosent	5 prosent	10 prosent	20 prosent
<b>1 000</b>					
Talet i tabellen er 100 .....	2	3	4	6	9
Talet i tabellen er 500 .....	3	5	7	11	16
Talet i tabellen er 900 .....	2	3	4	6	9
<b>5 000</b>					
Talet i tabellen er 100 .....	2	3	5	7	10
Talet i tabellen er 2 500 .....	7	10	16	24	35
Talet i tabellen er 4 900 .....	2	3	5	7	10
<b>20 000</b>					
Talet i tabellen er 500 .....	4	6	10	15	22
Talet i tabellen er 10 000 .....	14	20	32	47	71
Talet i tabellen er 19 500 .....	4	6	10	15	22
<b>50 000</b>					
Talet i tabellen er 500 .....	4	6	10	15	22
Talet i tabellen er 25 000 .....	22	32	51	75	112
Talet i tabellen er 49 500 .....	4	6	10	15	22
<b>100 000</b>					
Talet i tabellen er 1 000 .....	6	9	14	21	31
Talet i tabellen er 50 000 .....	32	45	73	105	158
Talet i tabellen er 99 000 .....	6	9	14	21	31

**Tabell 4.2 Fråfallsfeilen, etter talet på hushald/bustader i kommunen og fråfallsprosent. Absolutte tal**

Talet på hushald/bustader	Fråfallsprosent				
	1 prosent	2 prosent	5 prosent	10 prosent	20 prosent
<b>500</b>					
Talet i tabellen er 100 .....	2	3	4	6	9
Talet i tabellen er 250 .....	2	3	5	7	11
Talet i tabellen er 400 .....	2	3	4	6	9
<b>2 500</b>					
Talet i tabellen er 100 .....	2	3	4	7	10
Talet i tabellen er 1 250 .....	5	7	11	17	25
Talet i tabellen er 2 400 .....	2	3	4	7	10
<b>10 000</b>					
Talet i tabellen er 250 .....	3	4	7	10	16
Talet i tabellen er 5 000 .....	10	14	23	33	50
Talet i tabellen er 9 750 .....	3	4	7	10	16
<b>25 000</b>					
Talet i tabellen er 500 .....	4	6	10	15	22
Talet i tabellen er 12 500 .....	16	23	36	53	79
Talet i tabellen er 24 500 .....	4	6	10	15	22
<b>75 000</b>					
Talet i tabellen er 1 000 .....	6	9	14	21	31
Talet i tabellen er 37 500 .....	28	39	63	91	137
Talet i tabellen er 74 000 .....	6	9	14	21	31

I ein tenkt kommune med 2 500 hushald kan til dømes 1 250 hushald eige bustaden («Talet i tabellen»). Med eit fråfall på 10 prosent er da den tilfeldige fråfallsfeilen 17. Når som i dette dømet halvparten av alle personar eller hushald har ein viss eigenskap, er feilen størst. Dersom svært få eller nesten alle personane eller hushalda i kommunen har denne eigenskapen, vil feilen vere langt mindre. Feilen aukar også med fråfallsprosenten og med folkemengda eller talet på hushald/bustader i kommunen. For å bruke tabellane på andre tal enn dei som er gitt opp, kan ein setje inn tal i formelen

$$(1) \quad FEIL = 2 \sqrt{\frac{f}{100-f} \frac{T(N-T)}{N}}$$

der

$f$  er fråfallsprosenten

$T$  er «talet i tabellen»

$N$  er folkemengda eller talet på hushald/bustader i kommunen

### Målefeil

I tabellane 4.3 og 4.4 er effekten av tilfeldige målefeil berekna for to utvalde kjennemerke: *sysselsette etter alder og bustader etter talet på rom*. Desse tala syner kor store målefeil ein kan vente i dei publiserte tala dersom samansetninga av dei sysselsette er som for heile landet og tilsvarende at samansetninga av bustader etter til dømes bygningstype, er som landsgjennomsnittet. Målefeila aukar med folkemengda eller talet på hushald i kommunen på ein slik måte at når dette talet blir fire gonger større, blir målefeilen dobbelt så stor.

**Tabell 4.3 Målefeil for sysselsette, etter alder og folkemengda i kommunen. Absolutte tal**

Folkemengda	I alt	16-24 år	25-54 år	55-66 år	67-74 år
<b>1 000</b>					
Sysselsette .....	525	75	375	75	5
Målefeilen .....	14	8	10	5	2
<b>2 500</b>					
Sysselsette .....	1 300	175	925	185	15
Målefeilen .....	22	12	16	8	3
<b>5 000</b>					
Sysselsette .....	2 600	350	1 850	375	25
Målefeilen .....	31	17	22	11	4
<b>10 000</b>					
Sysselsette .....	5 150	700	3 650	750	50
Målefeilen .....	44	24	32	16	5
<b>25 000</b>					
Sysselsette .....	13 000	1 750	9 250	1 850	150
Målefeilen .....	69	38	50	25	8
<b>100 000</b>					
Sysselsette .....	52 500	7 500	37 500	7 500	500
Målefeilen .....	139	75	100	50	15

Berekningane byggjer på at fordelinga av sysselsette i kommunen er som for heile landet. I ein tenkt kommune med 2 500 innbyggjarar i alt, vil ein vente at det er 1 300 sysselsette og at 175 av desse er i aldersgruppa 16-24 år. Ein tilfeldig målefeil på 12 betyr at ein med eit sannsyn på 95 prosent kan påstå at det sanne talet for sysselsette ligg innanfor ein feilmargin på 12 i forhold til det publiserte talet, det vil seie mellom 163 og 187. Dersom det publiserte talet for sysselsette i ein kommune er større enn det talet vi har berekna målefeilen på grunnlag av, er målefeilen noko større enn det som er oppgitt her. Når talet på sysselsette er mindre, er også målefeilen mindre.

**Tabell 4.4 Målefeil for talet på rom i bustaden, etter talet på bustader i kommunen. Absolutte tal**

Talet på bustader i alt	1 rom	2 rom	3 rom	4 rom	5 rom	6 rom eller fleire
<b>500</b> .....	25	75	100	100	100	100
Målefeil .....	2	4	8	11	11	9
<b>1 250</b> .....	50	175	250	275	250	250
Målefeil .....	3	7	13	18	17	14
<b>2 500</b> .....	125	325	500	550	500	500
Målefeil .....	4	10	18	25	24	20
<b>5 000</b> .....	250	650	1 000	1 100	1 000	1 000
Målefeil .....	5	13	26	35	33	29
<b>12 500</b> .....	500	1 750	2 500	2 750	2 500	2 500
Målefeil .....	8	21	40	55	52	45
<b>50 000</b> .....	2 500	6 500	10 000	11 000	10 000	10 000
Målefeil .....	16	42	81	111	105	81

Berekningane byggjer på at fordelinga av talet på rom i bustadene er som for landet totalt. I ein tenkt kommune med 500 bustader i alt vil ein vente at 75 av desse har to rom. Ein tilfeldig målefeil på fire betyr i dette tilfellet at ein med eit sannsyn på 95 prosent kan påstå at det sanne talet på bustader med to rom ligg innanfor ein feilmargin på fire i forhold til det publiserte talet, det vil seie mellom 71 og 79 bustader. Dersom det publiserte talet for bustader i ein kommune er større enn det talet vi har berekna målefeilen på grunnlag av, er målefeilen noko større enn det som er gitt opp her. Når talet på bustader er mindre, er også målefeilen mindre.

## Fråfallsprosentar i kommunen

Tabell 4.5 Fråfallsprosentar for nokre utvalde kjennemerke i kommunen

	Fråfallsprosent	
	Kommunen	Heile landet
Einingsfråfall for hushald/bustader .....	4,4	7,1
<b>Partielt fråfall</b>		
Talet på rom i bustaden .....	23,9	18,4
Bruksareal .....	3,8	2,1
Sysselsette utan bedriftsopplysingar i registra .....	10,8	6,7

Partielt fråfall er rekna i prosent av bustadskjema som det er svart på. Talet på rom i bustaden er basert på fleire spørsmål på bustadskjemaet. Det blir rekna som fråfall dersom det ikkje er svart på minst eitt av desse spørsmåla.

## 5. Samanlikningar og samanheng

### 5.1. Samanlikning med tidlegare teljingar

Hovudvekta her er lagt på samanlikning med førre teljing (FoB90).

#### Utdanningskjennemerke

Utdanning er i FoB2001 koda ut frå siste utgåve av Norsk standard for utdanningsgruppering (NUS2000). I FoB90 vart førre utgåva av standarden nytta (NUS89).

#### Arbeidsmarknadskjennemerke

Arbeidsmarknadsdata i FoB90 vart samla inn ved hjelp av spørjeskjema, mens det i FoB2001 blir nytta registerdata. Sjølv om definisjonane som er lagde til grunn er dei same, kan denne endringa i datainnsamlingsmetode likevel føre til ein del endringar i statistikken.

I FoB90 vart nemninga *yrkesaktive* brukt om det som i FoB2001 blir kalla *sysselsette*.

I FoB90 vart det i tillegg til avtalt/vanleg arbeidstid spurt om *utførte timar i veka*. Dette kjennemerket inngår ikkje i FoB2001.

I FoB2001 er *arbeidstid i året* gitt opp i intervall som i FoB80. I FoB90 finst opplysingar om talet på månader i heiltid og deltid, men ikkje timeintervall.

*Næring* er i FoB2001 koda ut frå siste utgåve av Standard for næringsgruppering, SN94, også kalt NACE (basert på FNs standard ISIC, rev. 3). I FoB90 vart førre utgåva av standarden nytta (basert på FNs standard ISIC, rev. 2).

Til FoB2001 forsøkte vi å framskaffe *yrke* ved bruk av registerdata. Datagrunnlaget for årgang 2001 vart ikkje tilfredsstillande, og kjennemerket inngår difor ikkje i FoB2001. Det er likevel venta at den registerbaserte arbeidsmarknadsstatistikken for årgang 2002 vil omfatte opplysingar om yrke.

I FoB90 vart det spurt om *oppmøtestad på arbeid*. Eit svaralternativ var *ikkje fast oppmøtestad*, og i tillegg var oppmøtestaden ikkje gitt opp for relativt mange. Dette førte til at om lag 16 prosent av dei sysselsette i teljingsveka mangla opplysingar om oppmøtestad. I FoB2001 har alle sysselsette fått opplysingar om *adressa til arbeidsstaden*, men dette er adressa til bedrifta, noko som ikkje utan vidare er det same som oppmøteplassen på arbeid for den enkelte person.

I FoB90 finst i tillegg til opplysingar om pendling, tre kjennemerke som gjeld arbeidsreiser: *reisetid på arbeid*, *reisefrekvens i veka* (talet på reiser til arbeidsstaden) og *reisemåte* (transportmiddel). Desse kjennemerka er det ikkje mogleg å få registeropplysingar for, og dei er difor ikkje med i FoB2001.

### **Familiar og hushald**

I forhold til FoB90 er det særleg definisjonane av familie som er endra. I FoB90 vart sambuarar rekna å tilhøyre kvar sin familie, også sambuarar med felles barn. Dette betyr at talet på familiar i FoB90 blir høgare enn om ein hadde brukt metoden i FoB2001.

Dette påverkar også grupperinga av hushald, da særleg inndelinga i einfamilie- og fleirfamiliehushald. SSBs Standard for grupperingar av familiar og hushald er frå 2001. Grupperinga av familiar og hushald i FoB90 avvik noko frå denne.

### **Talet på personbilar som hushaldet disponerer**

Dette kjennemerket vart i FoB90 samla inn ved hjelp av spørjeskjema, mens det i FoB2001 er basert på registerdata. Tala viser ein nedgang i delen hushald som disponerer bil frå 1990 til 2001, noko som neppe er reelt. Dette heng saman med at ein del hushald disponerer bilar som er registrerte på personar utanfor hushaldet, til dømes foreldre. Leasingbilar kjem heller ikkje med. Det er også grunn til å rekne med at ein del personar har høve til å bruke bil som arbeidsgivaren eig i eit slikt omfang at dei på eit spørjeskjema ville svare at dei disponerer bil, men utan at dette fell inn under reglane om fordelsskattlegging.

### **Bustader og bygningar**

I FoB90 og tidlegare teljingar vart *bustadareal* brukt som mål på storleiken på bustadene. I FoB2001 blir bruksareal nytta. Forskjellen mellom bustadareal og bruksareal er at bodar, oppbevaringsrom, vaskerom, fyrrum og liknande ikkje blir tekne med i bustadarealet. Omgrepet som blir nytta i 2001 gir altså eit større areal for dei fleste typar bustader enn det som vart nytta i FoB90.

Bygningstype (i tidlegare teljingar kalla hustype) er i FoB2001 henta frå GAB-registeret. Dersom bygningstype i GAB-registeret ikkje er gitt opp, er opplysingane henta frå bustadskjemaet. Overgangen til å bruke GAB-registeret som hovudkjelde kompliserer samanlikninga med tidlegare teljingar. På landsnivå viser tala ein klar auke i talet på bustader i gruppa *forretningsbygg, bygg for felleleshushald e.l.* frå FoB90 til FoB2001 (ca. 40 000 bustader). Delar av dette kjem av at om lag 15 000 hyblar som ikkje har gitt opp bygningstype i GAB-registeret er plasserte i denne gruppa. Det er sannsynleg at i alle fall delar av den resterande auken kjem av overgangen til ny datakjelde.

## **5.2. Samanheng med annan statistikk**

### **Sysselsetjing**

Talet for sysselsette i teljingsveka i alt er det same i registerstatistikken som i arbeidskraftundersøkinga. Det same gjeld fordelinga på lønnstakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Fordelt på andre kjennemerke som kjønn, alder, næring, arbeidsstad og arbeidstid vil det likevel vere forskjellar grunna dei ulike datakjeldene og metodar som er nytta.

Den årlege, regionale sysselsetjingsstatistikken er frå og med årgang 2001 basert på det same grunnlaget som statistikken som blir publisert i FoB2001. Det er for tidlegare årgangar publisert arbeidstakarstatistikk med fordeling på høvesvis bustad- og arbeidsstadskommune. Denne statistikken var basert på data frå Arbeidstakarregisteret og omfatta rundt 80 prosent av sysselsette i alt.

I den løpande arbeidsmarknadsstatistikken blir det ikkje gitt opplysingar om personar sysselsette 100 timar eller meir i året.

## Familiar og hushald

Den løpande familiestatistikken som blir publisert no, er berre basert på registerdata, og det er difor ikkje mogeleg å identifisere sambuarar utan felles barn. Desse blir dermed rekna som kvar sin familie og grupperte under *annan familietype*. I FoB2001 blir sambuarar utan felles barn identifiserte ved hjelp av data frå bustadskjemaet. Sambuarar blir difor rekna som ein familie så sant dei er registrert busette i den same bustaden.

Den løpande hushaldsstatistikken er basert på intervju av eit utval av befolkninga. Her nyttar ein kosthushald og ikkje buhushald som i FoB2001. Som *barn i hushaldet* reknar vi i denne statistikken med alle personar i hushaldet under 20 år. I FoB2001 reknar vi med berre barn under 18 år som bur saman med minst ein av foreldra sine.

## Bustader og bygningar

I *byggjearealstatistikken* og FoB2001 nyttar vi *bruksareal* som storleiksmål for bustader. Dette gir eit avvik i forhold til *levkårsundersøkingane* som nyttar bustadareal.

## 6. Publisering

Statistikken frå FoB2001 blir også publisert elektronisk på SSBs heimeside på Internett (<http://www.ssb.no/fob>). Kvar frigiving av statistikk frå FoB2001 blir markert ved ein artikkel i «Dagens statistikk» og eit sett med tabellar.

All statistikk blir også lagt ut i *Statistikkbanken*, som er ein database der brukaren kan komponere og ta ut sine egne tabellar. Desse tabellane kan ein lagre på eigen pc i ei rekkje format for vidare tilrettelegging.

Det vil også liggje føre nokre *papirpublikasjonar*. I tillegg til hefte for dei enkelte kommunane, bydelane og fylka, blir det også publisert hovudtal i serien Noregs offisielle statistikk. Alt som blir publisert på papir vil også vere tilgjengeleg som pdf-filer på Internett.

Tabellane frå alle kommune- og bydelshefte vil også vere tilgjengeleg på cd saman med programvare (PC-Axis og PX-Map) for tabelltilarbeiding og grafikk- og kartpresentasjon.

Ei oversikt over alle kjennemerka som er tilgjengelege i FoB2001 vil bli publisert i ei eiga handbok for FoB2001. Ei førebels utgåve skal leggjast ut på Internett. Ei endeleg utgåve av handboka vil også komme som papirpublikasjon.

## 7. Kommenterar til tabellar og kart

### 7.1. Folkemengda ved folketeljingane

Målet med tabell 1 er å vise samanliknbare tal for alle folketeljingane etter kommuneinndelinga 1. januar 2002. Over eit så langt tidsrom har det skjedd mange endringar i kommuneinndelinga, og det kan difor vere vanskeleg å gi samanliknbare tal for mange kommunar. Tala i tabell 1 er delvis baserte på berekningar gjorde av Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD), og tala er henta frå NSDs Kommunedatabase. Grunnlaget for berekningane kan vere mangelfullt, særleg for eldre teljingar. Dei berekna tala er i desse tilfella noko usikre.

Meir informasjon om berekningane får ein ved å vende seg til NSD ([www.nsd.uib.no](http://www.nsd.uib.no)). Ei historisk oversikt over endringar i kommune- og fylkesinndelinga finst på [www.ssb.no/vis/kommuner/dokumentasjon.html](http://www.ssb.no/vis/kommuner/dokumentasjon.html) og i Rapportar 99/13.



## 7.2. Avrunding i tabellar

Statistikken skal ikkje gi informasjon som kan førast tilbake til enkeltindivid. Av omsyn til personvernet er det difor i ein del tabellar nødvendig å sørgje for at kombinasjonar av kjennemerkeverdiar som berre finst ein eller to gonger, ikkje skal kunne avslørast. I faste tabellar har dette normalt vore gjort ved at små tal blir undertrykte (bruker standardteikn). Sidan tabellane i kommunehefta også skal liggje i Statistikkbanken, er ikkje dette ein formålstenleg metode.

Metoden som er vald i FoB2001 blir kalla *avrunding*. Hovudprinsippet er at tala 1 og 2 i tabellane blir erstatta med 0 eller 3. Tala 0 og 3 finst også naturleg, og det skal ikkje vere mogleg å sjå forskjell på dei to typane 0 og 3. Avrundingane er gjorde på ein slik måte at dei i minst mogleg grad skal påverke sumtala i tabellane.

I nokre tabellar er dette prinsippet for avrunding gjennomført fullt ut. I andre tabellar er det berre avrunda der sumtala er 1 eller 2. Sumtal er da til dømes talet på busette i ein grunnkrins eller talet på bustader med tre rom totalt i ein kommune. Kva tabellar som skal avrundast og kva metode som blir brukt for avrunding, er basert på skjønn. Det er teke omsyn til kva kjennemerke som inngår i tabellen, korleis desse er kombinerte og på kva detaljnivå data er gitt.

Avrundingane er gjorde for kvar enkelt tabell separat. Når den same storleiken finst i ulike tabellar, vil det kunne bli visse avvik mellom tabellane. Dette gjeld både om ein samanliknar tal frå ulike avrunda tabellar og om ein samanliknar tal frå tabellar som er avrunda med tilsvarande tal som ikkje er avrunda. Avvika på dei enkelte tala er normalt 1 eller 2 og sjeldan større enn 3.

## 7.3. Kommentrar til karta

I dette heftet er det to typar kart. Den første typen viser grunnkrinsar, delområde og tettstader. For delområde er det gitt opp nummer og namn, for grunnkrinsar nummer og for tettstader namn. Grunnkrins- og delområdenummer er vist med berre dei fire siste sifra, det vil seie at kommunenummeret er utelate. Namn på grunnkrinsar finst i tabellane 28-30.

For nokre kommunar er det teke med meir detaljerte kart for nokre grunnkrinsar og tettstader. Utvalet av detaljkart er skjønnsbasert etter omsynet til kor lesbare og detaljerte karta er.

På karta er det vist utstrekninga av skog og dyrka mark. Fordi dyrka mark ikkje inngår i kartgrunnlaget for heile landet, vil denne informasjonen mangle heilt eller delvis for enkelte kommunar.

Busetjingskarta viser busetjingsmønsteret som talet på busette per 250m-rute. På karta er data klassifisert i fem klasser. Klasseinndelinga varierer mellom karta, men er for alle basert på prinsippet om at variasjonen innanfor kvar klasse skal vere minst mogleg. Befolkningsdata er tilgjengelege på spørsmål til SSB. For nokre kommunar er det vist meir detaljerte befolkningskart for utvalde område.

Alle karta er lagde ut som pdf-filer som kan lastast ned. Her kan ein forstørre karta slik at fleire detaljar kjem tydelegare fram.